


Fra: Tor Kyrre Hegle
Sendt: 20. august 2015 10:59
Til: 'runefane@online.no'
Kopi: Byggsakslogg
Emne: Gbnr 181/6. sak 15/2962. Vassbygdvegen 419.

Hei
Eg takkar for førespurnaden din, datert 16.08.2015.

Situasjonskart viser



Gjeldande kommuneplan viser dette i plankartet:



Dei ulike skraveringane/»raster» viser omsynssoner som femnar:

- a) Støysone langs veg, (planføresegner §7.5) Sona gjeld område som er utsett frå støy frå vegtrafikk langs Europa- og fylkesvegar i kommunen, og omfattar gul og raud sone etter T-1442, Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. T-1442 skal leggjast til grunn ved planlegging og handsaming av byggesaker innafor sona. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a.
- b) Sikringssone nedslagsfelt drikkevotn, (planføresegner §7.4) Sona omfattar drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt med vedtekne klausular for bruk. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a.
- c) Omsynssone landbruk (planføresegner §5) 5.1: Føremålet gjeld landbruks-, natur-, og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Heimel: Pbl § 11-7 nr. 5 bokstav a.

Du kan lese meir om kommuneplanen på linken: <http://braplan.geoweb.no/braplan/>
Arealplanid: 1263-200815. Kommuneplan 2011-2023.

Utanom dette ligg tiltaket innanfor 100-beltet mot sjø etter pbl§1-8. Det er ei streng haldning til etablering i strid med dette.

Riving og/eller nybygging tingar dispensasjon frå gjeldande kommuneplan samt 100m-beltet i Pbl§1-8. Ein dispensasjon er fråvik frå lovverket og kan ikkje påreknast. Dette kan tilsaman bli 4 ulike dispensasjonar. Når talet på fråvik blir større vil det bli vanskelegare å få igjennom. Dett tyngste forholdet på denne tomte er sikringa i drikkevassona.

Dersom ein vel å rive ein bustad og skal ein ny, startar all byggesak frå botna – «som om eignedomen ikkje var bygd». Ut frå eit slikt grunnlag vil ikkje administrasjonen kunne anna enn å vere lojal mot lovverket som er sett av politikarane våre i kommuneplan: vi ville måtte innstille negativt om vi fikk inn ein slik dispensasjonssøknad.



Med helsing
Tor Hegle, Avdelingsleiar Byggesak, Lindås kommune.